

NORBO INVEST AS
Bøtjørnvegen 16
5937 BØVÅGEN

Dato	12.07.2023
Vår referanse	2023/64562-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Sigrun Wølstad
E-post	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon	96944535

Førehandsvarsel - mogleg ulovleg avkøyrslle - fv. 5484 Radøyvegen - gnr. 424 bnr. 105 - Alver kommune

Vi kontaktar deg som eigar av gnr. 424 bnr. 105 i Alver kommune

Bakgrunn

Det er blitt registrert at det er etablert ny avkøyrslle frå fylkesveg 5484 Radøyvegen til eigedomen din, gnr. 424 bnr. 105 i Alver kommune.

Ny avkøyrslle kan berre lovleg etablerast i samsvar med godkjent reguleringsplan eller etter godkjent søknad.

Veglova [§40](#)

«Avkøyrslle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningslova.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkøyrslle, må avkøyrslle frå offentleg veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå vegstyremakta.

Vegstyremakta kan krevje at avkøyrslle frå offentleg veg skal byggast etter ein plan den godkjenner».

Vi kan ikkje sjå at avkøyrslle nemnd ovanfor fyller krava i veglova [§ 40](#) då den ikkje er regulert/omsøkt og godkjent/bygga i samsvar med plan/vedtak eller teknisk krav til utforming.

Før vi treff vedtak om mogleg sanksjonar i saka ber vi deg om tilbakemelding på om du har nødvendige løyver på arbeidet som er utført jf. forvaltningslova [§16](#).

Pålegg om stenging

Dersom vi ikkje mottek dokumentasjon på at avkøyrslle er lovleg etablert og/eller bygd, vil vi pålegge deg å fjerne/stenge avkøyrslle.

Vi gjer merksam på at Vestland fylkeskommune som eigar av fylkesveg 5484 kan fjerne avkøyrslle for i rekning dersom du sjølv ikkje stenger avkøyrslle etter at du har fått eit slikt pålegg, jf. veglova [§42](#).

Søknad om løyve til avkøyrsl

Dersom omtalte avkøyrsl ikkje er lovleg kan det søkjast om løyve. Dersom det er ynskje om å nytte avkøyrsla medan søknaden vert handsama må det søkjast særskilt om dette.

- Du finn informasjon om søknadsprosessen her: [Søknad om avkøyrsl - Vestland fylkeskommune](#)

Svarfrist

Tilbakemelding kan sendast til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Vi gjev ein frist på tilbakemelding 4 veker frå brevet er motteke.

Med helsing

Linda Hjelmeland

fagkoordinator
INV – forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes

rådgjevar
INV – forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG